

Det blir røykjesluttkurs i Kvinnherad også i år. I 2006 var det kurs i Rosendal og i fjor i Uskedalen, mens det i år blir kurs både på Husnes og i Rosendal.

Startdagen på Husnes er torsdag 7. februar og i Rosendal torsdag 31. januar. Kursa blir halde ein gong i veka i seks veker og det blir nytta eit kursopplegg som er utvikla av Sosial- og helsedirektoratet. Målet frå sentralt hald er at alle skal få tilbod om røykjesluttkurs i nærmiljøet sitt..

Det er Nasjonalforeningen i Hordaland som arrangerer kursa med støtte frå Fylkesmannen og dei lokale helselega er viktige lokale aktørar i å marknadsføra og gjennomføra kursa. Erfaringane viser at det er lettare å slutte når ein tek del i ei gruppe.

Ingen medisinske tiltak har like stor innverknad på leveutsiktene som å slutte å røykja. Over halvparten av røykjarane seier at dei ønskjer å stumpa røykjen.

No er spørsmålet: Blir det deltakarar frå Uskedalen på røykjesluttkurs i år?

Av Ola Matti Mathisen